

# Innspel til Kommuneplanen sin arealdel.

*Dette er eit innspell knytt til eit konkret areal, sjå vedlagt kartutsnitt.*

## Næringsarealet på Åse. Espeland.Tredalen, Seim.

I ei tid der det no er knytt stor usikkerhet til matsikkerheten i verden, så er det heilt uforståelig at dei største samanhengjande dyrkbare myrareaala i tidlegare Lindås kommune samt eit massedeponi som er meint til å ta vare på overskotsmassar frå utbyggjing og som på sikt skal gje landbruket meir lett drive areal, skal vera sett av til «næringsføremål» i arealplanen.

Åse-Espelandsmyra i Tredalen, har langt høgare verdi for oss om den får liggja slik den er. Då kan me, dersom det vert magrare tider, ta i bruk heile dette arealet til matproduksjon.

På massedeponiet manglar ein i dag berre matjordlaget på toppen før denne er ferdig, og ein har som mål å hauste første del av arealet til neste år.

Eg ber difor om at kommunen i arealplanen tar næringsområdet ut or planen og gjev det att LNF- status.

Det finst langt betre eigna areal for næringsvirksomhet andre plassar i Alver.

Med Helsing.

Aril Langesæter.